

2020-2023

Kommunal planstrategi

PLANSTRATEGI FOR ASKVOLL KOMMUNE
2020-2023



VEDTEKEN AV KOMMUNESTYRET 30.09.2020, SAK KOM-058/20

Innhald

1 Innleiing	2
2. Rammer og føringar	4
2.1 FN sine berekraftsmål som ramme	4
2.2 Nasjonale forventningar til kommunal planlegging	4
2.3 Regionale føringar	5
2.4 Fylkesmannen sine forventningar til kommunal planlegging	5
2.5 Kommunen sine føringar	6
2.6 Interkommunalt samarbeid.....	6
3. Utfordringsbiletet	7
3.1 Demografi og befolkningsframskrivingar	7
3.2 Folkehelse og levekår	7
3.3 Samferdsel, samfunnsutvikling og bustadstruktur.....	8
3.4 Næringsliv og sysselsetjing	8
3.5 Klimaendringar og klimatilpassing	9
3.6 Kommunal tenesteyting	9
4. Forslag til prioriterte tema for kommunen sitt plan- og strategiarbeid.....	10
4.1 Attraktive lokalsamfunn og gode nærmiljø.....	10
4.2 Næringsliv og verdiskaping.....	10
4.3 Klimaendringar og klimatilpassingar	11
4.4 Folkehelse: sosial utjamning, trivsel og mestring for flest mogeleg	11
4.5. Utfordringane knytt til folketalsutvikling og alderssamansetnad på innbyggjarane	12
5. Askvoll kommune sitt planverk	13
5.1 Gjeldande planar og erfaring med desse	13
5.2. Vurdering av planbehovet.....	14
6. Prioriterte planoppgåver 2020-2023.....	19
7. Kort omtale av dei viktigaste plantypene.....	21

Prosjektansvarleg: Rådmannen
Styringsgruppe: Kommunestyret
Administrativt: Leiargruppa
Politisk: Formannskapet

1 Innleiing

Kommunal planstrategi er eit hjelpemiddel for kommunestyret til å drøfte og avklare kva planoppgåver kommunen skal prioritere i valperioden for å møte kommunen sine behov og leggje til rette for ønska utvikling. Tidspunkt for vedtak er innan eit år etter konstituering av kommunestyret.

Gjennom vedtak av den kommunale planstrategien skal det nye kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller delar av den skal reviderast eller om den skal førast vidare utan endringar. Det er eit mål å sikre at den politiske prioriteringa av planoppgåvene byggjer på ei brei vurdering av kommunen sine utfordringar.

Planstrategien tek utgangspunkt i «Kunnskapsgrunnlag - Planstrategi 2020» og «Folkehelseoversikt for Askvoll kommune 2020-2023». Dokumenta viser utvalde utviklingstrekk og utfordringar i vår kommune, og dannar med det eit grunnlag for å vurdere planbehovet i kommande periode. Dette skal bidra til at planlegginga i Askvoll kommune blir behovsstyrt og ikkje meir omfattande enn naudsynt.

Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjerast kjent i minst 30 dagar før handsaming. Kravet i plan- og bygningslova om å hente inn synspunkt frå statlege og regionale myndigheiter og nabokommunar vil bli oppfylt i denne perioden.


1.1 Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet

Figuren under syner koplinga mellom kunnskapsgrunnlaget og kommunal planlegging etter plan- og bygningslova og kommunelova, samt kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet.



Figur 3. Koplinga mellom folkehelselova (oversiktarbeidet som inngår i kunnskapsgrunnlaget) og kommunal planstrategi.

Grunnstrukturen i kommunal planlegging kan framstillast slik:




Figur 4. Forenkla oversikt over det kommunal plansystemet.

1.2 Forholdet mellom planstrategien og kommuneplanprosessen

Kommunal planstrategi skal vedtakast innan eit år etter konstituering, dvs. hausten 2020. Kommunen kan i vedtak av den kommunale planstrategien avgjere at heile kommuneplanen, samfunnsdelen åleine, eller arealdelen åleine skal reviderast utan å gå nærare inn på innhaldet i revisjonsarbeidet. Rammer og føresetnader for revisjonsarbeidet, tema, føringar, strategiar og opplegg for medverknad vil då bli avklart i planprogrammet.

Figuren under syner anbefalt hendingsgang. Innhald og nærare prosess vil bli avklart i arbeid med planprogrammet, som er første fase av planprosessen. I planstrategien kan det ein vedta mandat for revisjonsarbeidet.



Figur 5. Forholdet mellom planstrategien og kommuneplanprosessen.

2. Rammer og føringar

2.1 FN sine berekraftsmål som ramme

I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging legg regjeringa vekt på at kommunane skal planlegge for å skape ei berekraftig samfunnsutvikling, sikre sosial rettferd og god folkehelse. Ei berekraftig utvikling handlar om å tilfredsstille behova vi har i dag utan å øydelegge for framtidige generasjonar sine mogelegheiter til å tilfredsstille sine behov. Regjeringa ønskjer at dei 17 berekraftmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane, og har bedt fylkeskommunar og kommunar om å sikre at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Forventningane er delt inn i fire tema.

1. Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
2. Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
3. Berekraftig areal- og transportutvikling
4. Byar og tettstader der det er godt å bu og leve



Figur 1: FN sine 17 berekraftsmål.

Regjeringa ber lokale og regionale myndigheiter forstå og tolke dei nasjonale forventningane i ein lokal samanheng når ein utarbeider og gjennomfører planar. Det vil vere svært krevjande å satse på alle berekraftmåla i ein kommuneplan, og ein del av planarbeidet vert å jobbe med korleis vi skal jobbe med berekraftmåla i Askvoll kommune.

2.2 Nasjonale forventningar til kommunal planlegging

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i fylkeskommunen og kommunane sitt arbeid med planstrategi og planer, og vert lagt til grunn for statlege myndigheter si medverknad i planlegginga.

Regjeringa legg vekt på følgjande store utfordringar:

- Å skape et berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn

- Å skape eit trygt samfunn for alle

2.3 Regionale føringar

Kommunen er forplikta til å legge regionale planar til grunn for sitt arbeid.

Regional planstrategi for Vestland fylkeskommune «Utviklingsplan for Vestland 2020–2024» ligg no ute til høyring. Tema i planen er alt frå grøn konkurransekraft og korleis redusere klimagassutslepp, via korleis vi kan skape attraktive stadar og gode bumiljø, og til gode transportsamband og korleis sikre at ungdom trivst og deltek i samfunnet vår.

Høyringsutkastet inneheld fire målformuleringar basert på FN sine berekraftsmål:

Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

Mål 4: Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

For kvart mål er det utvikla fleire strategiar som skal bidra til å nå måla

Vedtekte regionale planar:

- Regional plan for folkehelse vedteke i gamle Sogn og Fjordane 2015-2025
- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur i Sogn og Fjordane 2018-2022
- Regional plan for klimaomstilling 2018-2021
- Regional plan for vindkraft
- Regional plan for kultur – kultur for alle 2019-2027
- Regional strategisk plan for kysten 2018-2029
- Regional plan for verdiskaping 2014-2025
- Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027
- Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging Sogn og Fjordane

Av nye regionale planar som skal utarbeidast kan det nemnast:

- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, oppstart 2020
- Regional klimaplan, oppstart 2020
- Regional plan for senterstruktur, oppstart 2021
- Regional transportplan, oppstart 2020
- Regional plan for kompetanse, oppstart 2021
- Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv, oppstart 2021

2.4 Fylkesmannen sine forventingar til kommunal planlegging

Fylkesmannen utfordrar kommunen til å gå inn i rolla som samfunnsutviklar. Denne rolla inneber at kommunen gjev ei tydeleg retning og samordnar verkemiddel og offentleg innsats for å løyse dei omfattande oppgåvene dei står framfor. Fylkesmannen trekk særleg fram den krevjande demografiske utviklinga, og at mange distriktskommunar har ei negativ folketalsutvikling, vanskar med å rekruttere nøkkelkompetanse på mange fagfelt og krevjande økonomiske utsikter.

Fylkesmannen har forventningar til at den kommunale planstrategien tek føre seg følgjande tema:

- Folkehelse

- Barn og unge
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Landbruk
- Miljø
- Utviklingstrekk og bustadbehov
- Geosynkronisering av planar

2.5 Kommunen sine føringar

Folkehelselova slår fast at folkehelse skal vurderast i alle typar saker. Kommunen har laga ei oversikt over folkehelseutfordringane i kommunen, og desse leggest til grunn i det samla utfordringsbiletet.

Som grunnlag for kommunen si beredskapsplikt skal det liggje føre ei ROS-analyse (Risiko- og sårbarheit). ROS-analyse kan gjerast grunnleggjande for planlegging generelt, i den forstand at avgrensingar og moglegheiter vert synleggjort samla. Resultatet av ROS-analysen påverkar såleis prioriteringar både av samfunns- og arealmessig karakter. Det er elles eit spesifikt krav om ROS-analyse til alle planar. I Askvoll kommune vart samla ROS-analyse vedteken i 2017

2.6 Interkommunalt samarbeid

Askvoll kommune ser at det kan vere føremålstenleg å samarbeide interkommunalt om fleire tema og verksemdområde. Behovet for å etablere interkommunalt samarbeid er tema i dei ulike avdelingane innanfor mellom anna helse, pleie og omsorg, brannvern og landbruk. Interkommunalt samarbeid vil kunne styrke dei ulike fagmiljø og dermed bidra til å gjere det meir attraktivt å arbeide i kommunen/regionen. Det gir også høve til å løyse felles oppgåver på ein betre måte. Men det kan også vere ein ressurskrevjande måte å jobbe på, då det kan vere interessekonfliktar mellom kommunane.

3. Utfordringsbiletet

Dokumenta «Utviklingstrekk - Kunnskapsgrunnlag for kommunal planstrategi 2020» og «Folkehelseoversikt for Askvoll kommune 2020-2023» peikar utviklingstrekk og utfordringar i Askvoll, og dannar grunnlag for å vurdere kva nye planar som skal utarbeidast i kommunen.

Under følgjer ei kortfatta utgreiing for hovudutfordringane.

3.1 Demografi og befolkningsframskrivingar

Befolkningsutviklinga er knytt til skeiv alderssamansetnad og fråflytting og kommunen er avhengige av innflytting for å klare å halde folketalet stabilt. Vi har ganske stabile fødselstal, men går likevel stort sett i fødselsunderskot. Ein stadig større del av befolkninga i fylket bur i eller nær større bysentra, og netto flyttestraumar går frå periferi til sentrum. Dette er ein langsiktig trend som skjer globalt, nasjonalt og i den einskilde kommune.

Vi har høg gjennomsnittsalder blant innbyggjarane, men framskrivinga syner at mange andre distriktskommunar får ein høgare gjennomsnittsalder enn Askvoll. Framskrivningar syner at den skeive alderssamansetnaden vil auke og at det vert fleire eldre sett i høve til personar i yrkesaktiv alder.

3.2 Folkehelse og levekår

I følge folkehelsekartlegginga for Askvoll kommune er helsetilstanden i befolkninga generelt lik eller betre enn landsgjennomsnittet. Det er viktig å følgje med på utviklinga og fokusere på dei områda der Askvoll har negative tendensar. I Askvoll, som i resten av landet, ser vi at dei økonomiske skilnadane aukar. Helse og deltaking i samfunnet er område som blir råka negativt av auka sosial ulikskap. Dette ser vi mellom anna ved at talet på born frå hushald med vedvarande låg inntekt har vakse. Å jobbe for at alle har like moglegheiter til å delta er grunnleggande for å utjamne sosial ulikskap.

I Askvoll, som i resten av landet, kan det sjå ut som det vert fleire innbyggjarar med utfordringar knytt til eiga psykisk helse. Einsemd vert opplevd hjå fleire unge. Psykisk uhelse skapar store helse- og samfunnsutfordringar. Ein må ha fokus på folk sine føresetnader, og fremje meistring, tilhøyrslø, utvikling, vekst, meining og positive relasjonar i utvikling av kommunale tiltak.

Eit anna generelt utviklingstrekk er at befolkninga er mindre fysisk aktiv enn tidlegare og at delen overvektige aukar. Det ligg eit stort potensiale i å auke fysisk aktivitet i befolkninga. Dette gjev betre helse og førebygger sjukdom hos den enkelte, som igjen er av samfunnsøkonomisk interesse.

Askvoll kommune skal gje barn og unge utdanning for framtida i eit godt læringsmiljø for alle. Trygge vaksne med høg kompetanse er av vesentleg betydning for kvaliteten på tenestetilbodet i barnehage og skule, og ei god utdanning er grunnlaget for å forbetre menneske sine liv. Det må leggast til rette og arbeidast for ei positiv utvikling når det gjeld læringsmiljø og læringsresultat i Askvoll.

Kunnskapsgrunnlaget syner at trivsel blant ungdomsskuleelevane har gått noko ned, og at delen som ikkje fullfører vidaregåande opplæring har auka. Ein tilsynelatande auke i fråfall kan ha mange årsaker, og kan vere tilfeldige utslag på statistikken. Men det kan også indikere at vi ikkje klarer å bidra nok til at fleire ungdomar får dei ferdigheitene, både fagleg og sosialt som er nødvendig for å mestre opplæringa på vidaregåande nivå.

Det bør prioriterast å følge opp eksisterande planar som omfattar kommunen sitt arbeid med læringsmiljø, læringsresultat og fritidstilbod.

3.3 Samferdsel, samfunnsutvikling og bustadstruktur

God tettstads- og samfunnsutvikling er avhengig av at kommunen legg langsiktige mål og rammer til grunn for utviklinga av lokalsamfunnet. Det gjeld også for næringslivet, som er avhengig av langsiktige og føreseielege rammevilkår for å lykkast.

Ferje- og busstilbodet er lite frekvent og kollektivtilbod står i stadig fare for å bli redusert. Det er ressurskrevjande å oppretthalde standard, utbetre og vedlikehalde vegane. Samstundes er trygge og gode vegar og meir gang- og sykkelvegar viktig for å auke attraktiviteten til sykkel, gonge og kollektiv.

Sentrale myndigheter forventar at kommunen vurderer mogelegheiter for vekst innanfor eksisterande byggeområder, og at fortettings- og transformasjonspotensialet vert utnytta før nye områder vert føreslege til utbygging. Omsyn til klima, miljø og energi må og vektleggast i val av utbyggingsstruktur og tettstadsutvikling i Askvoll kommune. Eit noko meir konsentrert utbyggingsmønster kan redusere transportbehov, gje betre grunnlag for kollektivtilbod, auke bruk av gonge og sykkel som transportform, og utnytte sosial og teknisk infrastruktur på ein betre måte.

Bustadstrukturen i Askvoll består i hovudsak av einebustadar og eit svært spreidd busettingsmønster. Askvoll mange levedyktige bygder med utviklingspotensiale der det vert viktig å legge til rette for bustadbygging på tomter som vert oppfatta som attraktive. Med busettingsmønsteret Askvoll har, må det verte ein både og politikk med attraktive butilbod både i sentrumsområde og i bygdene.

Bustadattraktiviteten er jamt over svært god i Askvoll, men det er noko lite mangfald i bustadtilbodet og det manglar attraktive og byggjeklare tomter i områda som har høgast vekst. Føreliggande statistikk gjev ein indikasjon på at det i åra framover vil vere behov for fleire bustadar med ulik storleik og fasilitetar.

Det er behov for ein tydeleg kunnskapsbasert arealpolitikk og arealstrategi som veg behovet for utvikling mot forvaltning og vern av arts- og naturmangfald, landskaps,- og friluftsverdiar og kulturminneverdiar. Omsynet til busetjing og næringsutvikling må vege tungt i prioriteringa mellom bruk og vern.

3.4 Næringsliv og sysselsetjing

Vi har hatt låg arbeidsplassvekst dei siste åra og relativt få nyetablerte verksemder. Enkelte verksemder har vanskar med å rekruttere relevant arbeidskraft og kommunen har relativt få kompetanseintensive næringar med behov for arbeidstakarar med høgare utdanning. Lite mangfald blant bedriftene gjer det utfordrande å tiltrekke seg nye innbyggjarar og skaffe arbeid til to. Betre kommunikasjonar på sjø og land er viktig for dei som må pendle ut av kommunen for å finne høveleg arbeid.

Askvoll kommune har ei viktig oppgåve som tilretteleggjar for langsiktig og føreseieleg næringsutvikling, og som bidragsytar til vidareutvikling og vekst i både nye og eksisterande næringar i kommunen.

3.5 Klimaendringar og klimatilpassing

Globale klima- og miljøutfordringar påverkar også Askvoll. Klimaet er i endring og hyppigare ekstreme naturhendringar i form av styrtregn, flaum, ras og skred kan påverke kritisk infrastruktur, natur- og kulturmiljø. Klimaendringar kan også spele inn og påverke tilhøva og kostnader for fleire naturbaserte næringar. Som følge av havstigning vil stormflonivået også auke og er forhold som vi må planlegge for i framtida.

Klimasgassutsleppa per innbyggjar i Askvoll kommune er svært høge samanlikna med snitt for landet. Mesteparten av utsleppa kjem frå sjøfart, vegtransport og jordbruk. Styresmaktene forventar at berekraftsmåla vert ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga og at kommuneplanarbeidet omfattar dei spesifikke klimautfordringane.

Klimatilpassing er at kommunen må gjere vurderingar og tiltak for å tilpassa natur og samfunn til effektane av noverande og framtidig klima, mellom anna i høve nedbør, flaum og overvatn. Desse tilpassingane må gjerast innanfor alle dei ulike områda og sektorane av kommunen.

Det er nødvendig at arealplanlegginga tek omsyn til dei auka naturfarane. Det vil vere store fordelar ved ei heilheitleg tilnærming som vernar om eksisterande økosystem og naturverdiar i planlegginga. Ei arealplanlegging som tek omsyn og tilpassar endringane og naturfarane er og det viktigaste verkemiddelet for å redusere faren for tap og skader.

3.6 Kommunal tenesteyting

Inntektene kommunen har frå oppdrettskonsesjonar gjennom havbruksfondet har vorte endra i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2020. Endringane fører til noko mindre inntekter enn opphavelig ordning, men har eit positivt element med produksjonsavgift på laks som er med å gjere inntektene jamnare. Sjølv om kommunen har ein ganske stor sum pengar på bok i form av disposisjonsfondet bør kommunen til ei kvar tid vera klar for fall i inntektene.

Kommunen er den største arbeidsgjevaren i Askvoll. Det må vere fokus på den kommunale organisasjonen gjennom god arbeidsgjevarepolitikk, leiarutvikling og arbeidsmiljø, og på utfordringar som høgt sjukefråvær.

Kommunen arbeider for å leggje til rette for at den enkelte og samfunnet verkt sikra god velferd, verdiskaping og berekraftig utvikling. Samstundes er det utfordrande at staten jamleg overfører fleire oppgåver utan nødvendig finansiering.

4. Forslag til prioriterte tema for kommunen sitt plan- og strategiarbeid

Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget, som gjer greie for dei viktigaste utviklingstrekk og utfordringane våre, berekraftsmåla og dei regionale og nasjonale føringar er det fem områder som bør stå sentralt i kommunalt planarbeid i komande kommunestyreperiode:

1. Attraktive lokalsamfunn og gode nærmiljø
2. Næringsliv og verdiskaping
3. Klimaendringar og -klimatilpassingar
4. Folkehelse: sosial utjamning, trivsel og mestring for flest moglege
5. Utfordringane knytt til folketalsutvikling og alderssamansetnad på innbyggjarane

4.1 Attraktive lokalsamfunn og gode nærmiljø

Attraktivitetstiltak, dvs. stadutvikling og tiltak for å tiltrekke og behalde innbyggjarar er kanskje det viktigaste innsatsområdet for næringsarbeidet og samfunnsutviklinga. Bygdemobilering der ein stimulerer stadutvikling i kommunesenteret og lokalt mobiliseringsarbeid i regi av grendalag og velforeiningar i dei mindre bygdene er viktig for å skape ein felles utviklingskultur.

Kommunen må få eigne ungdomar tilbake til Askvoll, og samtidig få andre tilflyttarar til å bli i kommunen. Askvoll kommune har høg bustadattraktivitet og må legge til rette for tilgjengelege og attraktive bustadtomter. Dei gode buområda med pendling på inntil ein time til arbeidsplassar utanfor kommunen bør synleggjerast betre. Kommunen må også formidle tilgjengelige areal og leggje til rette for eit mangfald i bustader i samarbeid med private. Samt tilby god rettleiing og bistand i søkeprosessen.

Tilbodet av organisasjonar, fritidstilbod og kulturtilbod påverkar korleis kvar enkelt kan utfalde seg og bidreg samstundes til å skape identitet og tilhørsle i eit lokalmiljø. Det same gjeld tilgangen på opne møteplassar, rekreasjonsområde og urørt natur. Opplevinga av lokalmiljøet vil òg vere prega av utsiktene til utdanning, arbeid og familieetablering på sikt.

Eit rikt organisasjonsliv som bidreg med allsidige kultur- og fritidstilbod er viktig. Samstundes er det eit felles ansvar at lokalsamfunnet leggje til rette for møteplassar og aktivitetar for alle, også dei med særlege behov slik at alle kan oppleve inkludering og meistring saman med jamnaldrande. Frivillig sektor er viktig for alle kommunar og det er viktig at engasjementet blir like stort i nye generasjonar også når ressursar i form av økonomi og løna personell minkar.

4.2 Næringsliv og verdiskaping

Askvoll kommune skal vere ein attraktiv stad å drive, utvikle og etablere berekraftig næringsverksemd. Tilgjengelege og attraktive næringsareal er viktig og vi har i dag få attraktive og byggjeklare næringsområde tilgjengeleg i dag.

Fokus på å skape arbeid, både for eksisterande og nye innbyggjarar, med ulikt utdanningsnivå ser ut til å kunne bidra til meir mangfald og vil vere eit meir robust næringsliv for framtida. Vi bør styrke det næringsrelatert samarbeidet i kommunen, og på tvers av kommunegrensene. Samarbeid mellom bedrifter, det offentlege og andre private aktørar for å skape utvikling og verdiskaping er ein viktig faktor.

Det vil for fleire tenester bli viktig å skaffe nok og rett kompetanse. Det betyr at ein må ha fokus på rekruttering, og å kunne tilby attraktive heile stillingar og arbeidsoppgåver. For mange arbeidsoppgåver blir godt samarbeid med nabokommunar viktig, samt at kommunen er organisert slik at kompetansen blir effektivt nytta.

Vi har ei viktig oppgåve som tilretteleggjar for langsiktig og føreseieleg næringsutvikling, og som bidragsytar til vidareutvikling og vekst i nye og eksisterande næringar i kommunen. Vi har ein høg del pendlarar. Ved å leggje til rette for fleire arbeidsplassar i kommunen vil vi kunne redusere delen pendlarar blant egne innbyggjarar, og trekkje til oss fleire innbyggjarar.

Vi har unike naturområder og ein rik kulturarv som gjev grunnlag for eit sterkt reiseliv og meir heilårsturisme. Med mange mindre reiselivsaktørar har kommunen potensiale til å skape verdier gjennom kolbing av reiseliv, arrangement, kulturarv og næring.

Askvoll har også eit sterkt miljø innan marin og maritim næring og innovasjon innan marin sektor kan gje nye moglegheiter. Potensialet for auka grøn og lønsam eksport er særleg stort for maritim industri, sjømat, fornybar energi og prosessindustrien.

Askvoll har mange hytter og fritidseigedommar. Kommunen og næringslivet må leggje til rette for å ta i bruk deira kjøpekraft og innsatsvilje på ein god måte.

4.3 Klimaendringar og klimatilpassingar

Vi må leggje til rette for eit lokalsamfunn som tek miljøomsyn, sikrar miljø- og naturressursar mot nedbygging og forureining og bidreg til å førebygge klimaendringar. Berekraftsmåla bør bli ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga, og kommunen må ta sitt ansvar for at klimautsleppa blir redusert i tråd med nasjonale mål.

Eit klima- og miljøvenleg utbyggingsmønster fører til at transportbehovet vert avgrensa, reduserer klimagassutslepp og sparar verdifulle areal. Vi må vektlegge å redusere miljøbelastninga og fremje berekraftige og klimavenlege løysingar ved offentlege innkjøp på produkt og tenester.

Kommuneplanarbeidet bør mellom anna omfatte det særmerkte landskapet i Askvoll, dei spesifikke klimautfordringane, forvaltning av særmerkte naturtypar, vilkåra for landbruksdrift, ferdsel og friluftsliv, forvaltning av kystkulturen og øykulturen.

I planperioden bør kommunen styrke sin innsats med å redusere klimagassutslepp både i eiga verksemd og i lokalsamfunnet. Reduksjonar kan bli oppnådd gjennom tiltak innan areal og transport, landbruk, kommunal drift, forbruk og avfallshandtering samt klimatilpassing. Kommunen bør stille krav til klimatilpassing og handtering av overvatn ved utarbeiding av nye reguleringsplanar, og vurdere om det er behov for betre føresegner på områder i kommuneplanrevisjonen. Tiltak skal gå fram av ny energi-, klima- og miljøplan, som er ei prioritert planoppgåve i inneverande planperiode. Mål, strategiar og tiltak i denne planen må følgjast opp i alle aktuelle planar.

4.4 Folkehelse: sosial utjamning, trivsel og mestring for flest mogleg

Folkehelsearbeid er samfunnet si samla innsats for å oppretthalde, betre og fremje helse i befolkninga. Trivsel, tryggleik, tilhøyrsløve og tilgjengelegheit er grunnleggjande faktorar for positiv samfunnsutvikling og for folkehelsearbeidet. Ein god oppvekst og kommunen sitt førebyggjande arbeid for barn, unge og familiar sikrast gjennom fokus på dette. Val av strategiar bør bidra til at vi jobbar kunnskapsbasert, systematisk og heilheitleg med oppvekst i Askvoll.

Sosial ulikskap i helse er systematiske helseskilnader som følgjer inntekt, yrke og utdanning. Vi kan sjå på helse som endepunktet i ei årsaks kjede. Grunnleggjande sosiale tilhøve som utdanning og økonomi vil saman med miljøtilhøve, levevanar og helsetenester påverke helse. Kommunen kan setje

inn tiltak for å betre helse og utjamne helseskilander på alle ledd i årsakskjeda. Nøkkelen til reduserte helseskilnader ligg i den samla innsatsen, og ikkje i nokon få enkelttiltak. Det finnast ingen enkle løysingar, eller éin sektor eller teneste som kan ta ansvar alene. Ei god utdanning er ein viktig føresetnad for å lykkast med sosial utjamning og mestring, men vil ikkje vere tilstrekkeleg utan arbeid på tvers av sektorar.

Det er viktig at vi i planlegginga motverkar og førebyggjer opphoping av levekårsutfordringar, og arbeider aktivt med tiltak for å styrke tenester og tilbod. Gjennom planlegginga kan det leggjast gode rammer for ei betre folkehelse med meir aktivitet og varierte fritidstilbod for alle grupper i befolkninga.

Barn og unge er ei ekstra viktig gruppe for førebygging og oppfølging. Tidleg, tverrfagleg og rett innsats i heile oppvekstløpet blir særst viktig for å gi barna våre meistring og motivasjon til utdanningsløpet og livet som står føre dei. I planarbeidet er det viktig at barn og unge får moglegheit til å få fram sitt synspunkt, ønskje, behov og bli inkludert på sine eigne premisar.

4.5. Utfordringane knytt til folketalsutvikling og alderssamansetnad på innbygarane

Det er forventa ein nedgang i tal personar i produktiv alder og berekraftbrøken syner at det vert færre yrkesaktive per pensjonist noko som kan gje redusert tilgang til arbeidskraft og mindre kommunale inntekter. Denne doble demografiske utfordringa gjer at vi må jobbe målretta på fleire område. På den eine sida bør ein legge til rette for ein effektiv helse- og omsorgssektor som er i stand til å tilby dei offentlege tenestene i eit tilfredsstillande omfang. Samtidig bør ein jobbe med tiltak for å sikre høg yrkesdeltaking for alle grupper. For det tredje bør ein legge til rette for at eldre i størst mogleg grad kan vere sjølvhjelpne, bu heime lengst mogleg og bidra som ein aktiv ressurs i lokalsamfunnet.

Å legge til rette for bruk av velferdsteknologi i helse- og omsorgsteneste er eit viktig tiltak for å sikre gode tenester i åra framover. Dette betyr òg å arbeide for at alle delar av kommunen har god mobildekning og breiband med høg kapasitet.

For gruppa av eldre er aktivitet, kosthald og førebygging av skader viktig. Den enkelte sitt ansvar for eige liv, helse og alderdom er også viktig. Lokalsamfunnet må legge til rette for at fleire eldre kan gje nye moglegheiter og tenke nytt i forhold til korleis samfunnet kan «ta imot» dei nye pensjonistane og korleis dei kan bidra som ein ressurs.

Kommunen vil ta stilling til korleis løysingane i *Leve heile livet* reforma kan tilpassast lokale forhold gjennom at kommunestyret handsamar løysingar og gjer vedtak. Løysingane skal innførast i samarbeid med andre tenesteområder, frivillig sektor og andre aktørar i lokalsamfunnet. Det leggjast opp til ein prosess der kommunen sørgjer for god brukarmedverknad. I reformperioden vil kommunen vurdere å delta i nettverk for å dele erfaringar, bli inspirert og lære av kvarandre.

5. Askvoll kommune sitt planverk

5.1 Gjeldande planar og erfaring med desse

Kommuneplanen

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna strategiske styringsdokument og inneheld mål og retningsval for kommunen si utvikling. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen vart godkjent i kommunestyret 30.09.2011. Arbeid med kommuneplanen sin arealdel vart ferdigstilt i 2015 og godkjent i kommunestyret 14.10.2015

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2011 - 2022

Samfunnsdelen er eit overordna styringsdokument for kommunen. Det er i første rekke eit dokument som syner kva utfordringar kommunen står ovanfor som lokal og regional utviklingsaktør, kva mål ein har sett for komande periode og kva strategiar kommunen vil ta i bruk for å møte utfordringane og nå måla.

Samfunnsdelen gir føringar og prioriteringar for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel og for handlingsprogram/økonomiplan. Kommuneplanen sin samfunnsdel gir klare signal til den meir detaljerte utviklinga av samfunnet, så vel som til kommunen som organisasjonen.

Mål og strategiar skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen. Folkehelse er eit overordna og førande prinsipp for heile planen, og alle strategiar tek utgangspunkt i eit folkehelseperspektiv. Handlingsplanen i samfunnsdelen var gjeldande for perioden 2011 – 2014 og treng reviderast.

Erfaringar med samfunnsdelen i førre periode:

Innhaldsmessig er gjeldande samfunnsdel relativt altomfattande og lite tydeleg i forhold til prioritering av satsingsområder. For bygg- og eigedom har innhaldet i samfunnsdelen i hovudsak vert fylgt opp i arealdelen, men ikkje berre fordi det står i samfunnsdelen. Det har elles vore lite fokus samfunnsdelen. Handlingsdelen har ikkje blitt rullert i samband med økonomiplanen.

Kommuneplanen sin arealdel 2015 – 2027

Arealdelen skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Den skal vise hovudtrekka i arealdisponeringa og gi rammer og vilkår for nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk, samt viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala. Kommuneplanen har vanlegvis eit tidsperspektiv på om lag 12 år.

Den framtidige arealbruken vil henge tett saman med dei strategiane kommunen vil legge for utvikling av bustadområde, næringsområde, tettstadutvikling m.m. Eit viktig prinsipp i plan- og bygningslova er at det skal vere ei sterkare kopling mellom samfunnsdal og arealdel.

Erfaringar med arealdelen i førre periode:

Det er gjort eit godt arbeid med arealdelen og mykje fungerer bra, men det er ei utfordring at føresegne vert tolka bokstavleg og strengt, slik at det som var intensjonen når planen vart laga likevel ikkje let seg gjennomføre. På bakgrunn av dette vart det starta opp eit arbeid med endring av føresegnene utan å verte ferdig.

I planstrategien for 2017-2019 var vi nok for optimistiske med omsyn til kapasitet til å utarbeide planar. I tillegg til kommunen sine egne planar, skal vi også handsame private planforslag som kjem inn.

Detaljregulering for utbygging ved Askvollheimen er vedteken. Detaljregulering for næringsareal på Nikøy ligg ute til offentleg ettersyn og vil truleg bli vedteken i løpet før sommaren 2020. Når det gjeld detaljregulering for Høgda, har tilkomsten til feltet vore ei utfordring. Dette håpar vi no at vi har ei løysing på og planen vert truleg lagt ut til offentleg ettersyn etter sommarferien. Detaljregulering for gang- og sykkelveg frå Holmedal sentrum til Boge og gang- og sykkelveg på Ask har vi ikkje begynt på.

Områderegulering for Askvoll sentrum, Holmedal og Stongfjorden har vi ikkje begynt på. Vi har i perioden ikkje hatt mange saker i desse områda der vi føler at ei slik områderegulering ville vore ein fordel å ha. På grunn av dette og av kva som er realistisk ut i frå vår kapasitet, har vi ikkje sett desse opp i prioriterte planar for neste periode.

Område regulering for Olsetvikane har vi ikkje begynt på, men her ventar vi på reguleringsplan for Atløysambandet som truleg vert vedteken i sommar.

Vedlikehaldsplan for kommunale bygg har vi ikkje fått ferdigstilt. Arbeidet med å få på plass ein skikkeleg oversikt over tilstand og trongen for oppgradering/vedlikehald av bygningsmassen med ei prioriteringsliste er i god gang, men planen har ikkje blitt ferdigstilt grunna manglande kapasitet.

5.2. Vurdering av planbehovet

Bygg- og eigedom

Kommuneplanen

Samfunnsdelen vart sist revidert i 2011 og har behov for revisjon. Ved revisjon er det viktig med ei tydeleg prioritering av satsingsområder og hovudmål og at innsatsområda er tverrsektorelle. På den måten kan ein ny samfunnsdel bli eit reelt styringsverktøy som også kan nyttast av organisasjonen i prioritering og styring av verksemda. Planlagt start våren 2021, og vedtatt plan hausten 2021.

Arealdelen

Ein tilrår revisjon av både føresegner og plankart. Utgangspunktet er mykje betre enn når gjeldande plan vart utarbeidd, noko som legg til rette for ein effektiv revisjon av arealplanen. Planlagt start våren 2021, og vedtatt plan innan hausten 2022.

Klima- og energiplan

Gjeldande klima- og energiplan blei vedteken i 2011. Ein har i dag meir og betre informasjon om tema og korleis klimaet og miljøet har utvikla seg, og kva tiltak kommunar bør sette i verk for å imøtekomme dei overordna klimamåla. Med bakgrunn i dette bør klima- og energiplan for Askvoll kommune reviderast i planperioden, med oppstart i 2021 og vedtak innan 2022.

Detaljregulering for Prestemarka (barnehage)

Kommunestyret vedtok i sak KOM 065/28 at ny barnehage med 5 avdelingar skal lokaliserast til Prestemarka, nærmare bestemt til den tidlegare idrettsbana. Området er i arealdelen av kommuneplanen sett av til idrettsanlegg. Det må utarbeidast ei detaljregulering og ein må spesielt sjå på tilkomst og trafikk til området då tilkomsten går gjennom eksisterande bustadområde. Oppstart 2021 og vedtatt plan innan 2022.

Detaljregulering for fv 5659 strekninga sentrum – Gamlekaia

I samband med offentleg ettersyn for detaljregulering for Hermetikken har Statens vegvesen fremja

motsegn til planframlegget. Motsegna knyter seg til at detaljreguleringsplan ikkje tek i vare omsynet til at gåande og syklande (mjuke trafikkantar) kan ferdast trygt mellom planområdet og sentrumsfunksjonar som skule, butikk, offentleg kontor m.m. Dersom planane for husvære i Hermetikken skal la seg gjennomføre må det gjerast noko med vegstrekninga sentrum – gamlekaia. Det er ei smal strekning og uavhengig av utbygginga ved Hermetikken bør det gjerast noko med vegen. Start 2020, og vedtatt plan innan 2021.

Detaljregulering for gang- og sykkelveg Ask

Planlagt oppstart i 2021 og vedtatt plan same år.

Detaljregulering for gang- og sykkelveg frå Holmedal sentrum til Boge

Vegvesenet har signalisert at det ikkje vert godkjent meir utbygging i område før trafikktryggleiken vert betre. Dette gjeld spesielt svingen ved Bakkeneset, Kloppasvingen. Oppstart 2020 og vedtak i 2021.

Områderegulering for Olsetvikane

Det er framleis ein del uopparbeidd ledig næringsareal i Olsetvikane, og interessa for næringsareal her har den siste perioden vore større enn tidlegare. Det er lite ferdig opparbeidd areal å tilby. Gjeldande reguleringsplanen er svært open og seier ingen ting om kva typar næringar som skal etablerast ulike stader i området. Planen gjev lite styring/føringar med korleis området skal byggast ut. Utnyttinga av industriområde må også justerast/tilpassast traseen for Atløysambandet. Planlagt oppstart 2021, og med vedtatt plan innan 2022.

Områderegulering for bustadfelt ved Askheia

Det vert i utfordringsdokumentet peika på at det er mangel på attraktive og byggjeklare tomter i delar av kommunen samt at det er lite mangfald i bustadtilbodet. Behovet for fleire bustadar med ulik storleik og fasilitetar kan sjå ut til å auke. Det er få attraktive tomter att i kommunale bustadfelt. Dei nye areala som er sett av til bustader i arealdelen har krav om detaljregulering og er i privat eige. Det er elles sett av ein del område for spreidd bustadbygging i heile kommunen. I Askvoll sentrum er det ein del private planar for leilegheiter, men det er få av desse som i skrivande stund er starta opp. Vi meiner difor at vi bør begynne planlegginga av området ved Askheia som er avsett til bustader. Når det gjeld tomter andre stader i kommunen, bør det i samfunnsdelen vurderast om kommunen skal ta ei meir aktiv rolle i å få fram byggeklare tomter. Oppstart 2023 og med ferdigstilling i 2025.

Kommunedelplan for ny fylkesveg og ferjekai på Atløy

Det bør takast stilling til om kommunen skal gjere noko med dette.

Rådmannstaben

Overordna ROS-analyse

Med grunnlag i heilskapleg ROS-analyse har kommunen utarbeide plan for samfunnssikkerheit og beredskap. Planen sikrar at kommunen vurderer og planlegg samfunnssikkerheit og beredskap i eit meirheilskapleg perspektiv. Planen vil bidra til god tverrsektoriell og samordna handtering av uønskte hendingar.

Dette er del av det overordna beredskapsplanverket til kommunen. Overordna ROS og beredskapsplanverk står for revisjon i 2021, sist oppdatert februar 2020. Det vert likevel starta opp arbeidet med å revidere begge delar etter noverande Covid 19-situasjon i løpet av hausten etter ferieavviklinga.

Arkivplan

Arkivplanen er retningsgjevande for korleis all dokumentasjon kommunen treng eller har plikt til å oppbevare for ettertida skal registrerast, oppbevarast og nyttast. Planen viser kva arkivet omfattar og korleis det er organisert. Planen vert oppdatert i løpet av 2020. Det skal skje minst ein gong i året.

Kommunedelplan Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert planlagt revidert i 2023.

Handlingsprogrammet for anlegg vert rullert kvart år og er grunnlaget for tildeling av tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (spelemidlar).

Kulturminneplan for Askvoll kommune 2019-2023.

Den skal reviderast i 2023, og ny plan skal gjelde frå 2024. Denne planen inneheld òg eit handlingsprogram som bør rullerast kvart år.

Alkoholpolitisk handlingsplan – løyvepolitisk plan

Kommunen er ansvarleg for den utøvande løyvepolitikken og for kontroll av sals- og skjenkestadar etter den alkoholovgjevinga som til ei kvar tid gjeld. Alkoholpolitisk plan omhandlar alkoholpolitikken og løyvepolitikken til Askvoll kommune. Planen vart sist godkjent i 2020

Lønspolitisk plan

Lønspolitisk plan og personalhandboka står for revisjon etter at vi har fått avklara situasjonen rundt lokale forhandlingar til hausten og sentrale styringslinjer. Den lokalpolitiske handlingsplanen skal ideelt sett oppdaterast før vi har lokale forhandlingar, men Covid-19-situasjonen har gjort dette vanskeleg å realisere dersom det er store endringar på gang. Dette med tanke på politisk handsaming før iverksetting.

Personalhandbok

Personalhandboka skal vere eit praktisk hjelpemiddel for alle tilsette i kommunen. Her er alle kommunen sine personaladministrative retningslinjer samla.

HMT-handbok

HMT-handboka inneheld oversikt over ansvarsforhold, prosedyrar og retningslinjer for systematisk HMT arbeid i kommunen, samt oversikt over HMT-lovgjevinga. Vidare skildrar den kommunen sitt internkontrollsystem for HMT og vil vere eit hjelpemiddel for å arbeide systematisk og planlagt med HMT i kommunen. Dokumentasjonen her er utvikla i tråd med interne ambisjonar og Internkontrollforskrifta. HMT-handboka er felles for alle arbeidsplassar og arbeidstakarar i Askvoll kommune.

Økonomireglement

Det må utarbeidast nytt økonomireglement i tråd med ny kommunelov mm. Arbeidet er starta opp og skal ferdigstillast i 2020.

Teknisk drift

Hovudplan for kommunale vegar: Denne er frå 2002. Har aktiv trafikktryggingsplan som er oppgradert og fungerande for 2019-2022. Endring av hovudplan må henge saman med strategisk planlegging og oppgradert samfunnsdel som er grunnlag for arealdelen. Start 2022.

Hovudplan for kommunale vassverk: Denne er frå 1995 (vert utarbeidd ulike planar jf. krav frå mattilsynet – prøvetakingsplan, beredskapsplan, vedlikehaldsplan mm – naturleg å ha ein status mht. forsterking av anlegg og utbygging må henge saman med samfunnsdelen)

Har større investeringar knytt til dammar etter krav NVE dei kommande åra. Andre tiltak som vil krevje midlar er blant anna beredskap med løysing reservevatn etc. Start 2021.

Hovudplan avlaup. Sanering av anlegg og oppgradering med slamavskiljarar er prioritert. Har starta arbeid med Askvoll. Det står att ein god del sanering (splitte overvatn og avlaup) for å kunne reinse kloakk. Askvoll, Holmedal og Kvammen som viktige tiltak. Må henge saman med oppgradert samfunnsdel som er grunnlag for arealdelen. Start 2023.

Helse- og omsorg

Helse- og omsorgsetaten ser føre seg at desse planane kan gjennomførast i løpet av 2020 – 2023:

- Smittevernplan
- Plan for habilitering/rehabilitering
- Demensplan
- Helse- og omsorgsplan 2021 – 2030
- Plan for psykisk helse
- Bustadsosial handlingsplan (saman med Nav)

Oppvekst

Sektorplan for oppvekst kan kanskje kan startast opp i 2021, om lag samtidig som innsjukt av kommuneplanen sin samfunnsdel. Hovudtrekka i denne må vere på plass og vere styrande for korleis vi innrettar ein sektor- eller kommunedelplan for vårt område.

NAV

NAV har ansvar for to planar i følge planstrategien for 2017 – 2019: Ruspolitisk handlingsplan og Bustadsosial handlingsplan. Ruspolitisk handlingsplan skal opp i kommunestyre 29.06.2020. Bustadsosial handlingsplan skulle vore starta i 2019. Den vert begynt på i 2021.

Landbruksforvaltinga

Kommunalt måldokument for forvaltning av hjorteviltet

Gjeldande plan er for perioden 2018-2022

Type plan: Temaplan

Oppstart: 2022

Ferdigstilt 2022

Erfaring/behov for planen:

Hjortestammen er påverka av mange faktorar, som jakt, milde/kalde vintrar, sjukdom m.m. Det er derfor ønskjeleg at *Det kommunale måldokumentet for forvaltning av hjortestammen* vert ajourført kvart fjerde år.

Landbruksplan

Gjeldande plan er for perioden 2015-2019

Type plan: Temaplan

Oppstart: 2020

Ferdigstilt 2021

Erfaring/behov for planen:

Planprosessen har medført ei forankring hos bondeorganisasjonane og politikarane om kva ansvar og tema innan landbrukssektoren dei kan medverke til.

Plan for forvaltning av tiltak i landbruket sitt kulturlandskap

Gjeldande plan er for perioden : 2017-2020

Type plan: Temaplan

Oppstart: 2020

Ferdigstilt 2021

Erfaring/behov for planen:

Kommunen får tildelt årleg ca. kr 300.000-350.000, alt etter kva som vert prioritert i jordbruksforhandlingane. Desse midlane skal nyttast til ulike øymerka tiltak, men kommunen har høve til lokal tilpassing og prioritering mellom dei ulike tiltaka.

6. Prioriterte planoppgåver 2020-2023

Askvoll kommune prioriterer først og fremst å revidere kommuneplanen. Arbeidet med ny samfunnsdel kan starte opp hausten 2020 og vere ferdigstilt hausten 2021. Som ein del av samfunnsplanen ser ein føre seg at klima og energiplan blir revidert. Arbeidet med ny arealdel kan starte opp i 2021, og vere ferdigstilt 2022. I tillegg skal overordna ROS-analyse reviderast og det skal prioriterast regulering av områder med omsyn til næring, bustadfelt og kommunalt tenestetilbod.

Etat (ansvar for gjennomføring)	Plan	Sist vedteken	Plan-type	Når skal arbeidet starte/vere ferdigstilt?			
				2020	2021	2022	2023
Bygg- og eigedom	Kommuneplan – Samfunnsdelen	2011	K	X	X (ferdig)		
	Kommuneplan – Arealdelen	2015	K		X	X (ferdig)	
	Klima og energiplan (som ein del av samfunnsdelen)	2011	KD		X (ferdig)		
	Områderegulering for Olsetvikane		R		X		
	Områderegulering for bustadfelt ved Askheia		R				X
	Detaljregulering for Prestemarka (barnehage)		R		X		
	Detaljregulering for fv 5659 – strekninga sentrum - Gamlekaia		R	X			
	Detaljregulering for gang- og sykkelveg frå Holmedal sentrum til Boge		R	X			
	Detaljregulering for gang- og sykkelveg til Ask		R		X		
Rådmann	Overordna ROS (årleg)	2019		X	X	X	X
	Kommunedelplan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (2023-2026)	2017	KD/T				X
	Plan for informasjonssikkerheit (årleg)	2019	T	X	X	X	X
	Lønspolitisk plan (årleg)		T	X	X	X	X
	Alkoholpolitisk handlingsplan		T	Ferdigstilt			
	Kulturminneplan (2024-2027)	2019	T				X (ferdig)
	Næringsplan		T			X (ferdig)	
Oppvekst	Sektorplan for oppvekst		T		X		
	Kompetanseplan for skulen		T	X			
	Strukturplan for barnehagar	2017	T			X	
	Bibliotekplan		T	Pågår			
Helse- og omsorg	Helse- og omsorgsplan 2021 – 2030		KD		X		
	Plan for habilitering/ rehabilitering		T		X		

	Smittevernplan		T		X		
	Plan for psykisk helse		T		X		
	Demensplan		T		X		
NAV	Rusmiddelpolitisk handlingsplan	2017	T	X (ferdig)			
	Bustadsosial Handlingsplan		T		X		
Landbruk	Landbruksplan	2015	T	X	X (ferdig)		
	Kommunalt måldokument for forvaltning av hjortevilt	2018	T			X (ferdig)	
	Forvaltning av tiltak i landbrukets kulturlandskap	2017	T	X	X (ferdig)		
Teknisk drift	Trafikktryggingsplan (del av hovedplan for vegar)	2018	T	X	X		
	Hovudplan for vegar	2002	T			X	
	Hovudplan for kommunale vassverk	1995	T		X		
	Hovudplan kommunale avlaupsanlegg	1998	T				X

Plantypar:

K = Kommuneplan*

KD = Kommunedelplan*

R = Reguleringsplan*

T = Tema og sektorplanar

* Kommuneplanen, kommunedelplanar og reguleringsplanar skal utarbeidast i tråd med reglane i plan- og bygningslova.

7. Kort omtale av dei viktigaste plantypene.

KOMMUNEPLAN Lovpålagt. Lovheimel: PBL.

Består av:

1. Samfunnsdelen:

Overordna plan med langsiktige mål og strategiar.

2. Arealdelen:

Arealplan for heile kommunen. På grunnlag av mål og strategiar i samfunnsdelen.

12 års planperiode. Behov for revisjon vurderast kvart 4. år i kommunal planstrategi.

3. Handlingsplan til samfunnsdelen:

4 års planperiode. Økonomiplan kan inngå i handlingsdelen. Skal rullerast årleg i samband med økonomiplanarbeidet.

ØKONOMIPLAN OG ÅRSBUDSJETT. Lovheimel: Kommuneleova

Økonomiplan 4 års planperiode.

Plan for heile kommunen si verksemd i planperioden, med venta inntekter, prioriterte oppgåver og tiltak, og sannsynlege utgifter. Kan samordnast med handlingsdelen i kommuneplanen.

Årsbudsjettet 1 års planperiode.

Bindande plan for bruk av kommunen sine midlar i budsjettåret.

Økonomiplan og årsbudsjett vert rullert kvart år.

KOMMUNEDELPLANAR Lovheimel: PBL.

Kommunedelplan er ein plan for geografiske delområde eller tema/sektorar. For utarbeiding og revisjon gjeld same lovverk som samfunnsdelen og arealdelen.

Vert utarbeidd etter behov for detaljering eller utfylling av den overordna planen.

Det er to slags delplanar:

1. Kommunedelplan for viktige tema eller sektorar. Døme: Oppvekst.

2. Delplanar for arealbruk. T.d. tettstadar i kommunen.

For utarbeiding og revisjon gjeld same reglar som for samfunnsdelen og arealdelen.

REGULERINGSPLANAR Lovheimel: PBL

Reguleringsplanar er arealplanar for avgrensa område. Det er etter PBL av 2008 to typar:

- Områdereguleringsplanar. Større område, mindre detaljert.

- Detaljreguleringsplanar. Meir detaljert, vanlegvis mindre område.

Områderegulering vert normalt gjort av kommunen.

Detaljregulering kan gjerast av kommunen eller private. Kommunen kan avvise private planframlegg som er i strid med overordna plan.

TEMAPLANAR, SEKTORPLANAR, FAGPLANAR

Omfattar planar som er laga for å fylgje opp føringar i samfunnsdelen, sektorovergripande planar, lovpålagde planar, fagplanar. Planane kan vere utarbeidd etter reglane i plan- og bygningslova eller planane kan stå friare i høve til prosesskrav og tidsfristar, det vil sei at det ikkje er krav om utarbeiding av planprogram.

Kommunen står fritt i å fastsetje opplegg for utarbeiding og medverknad ut i frå kva som er tenleg i kvart tilfelle, og ev. føringar i aktuelt lovverk. Vert lagt fram til politisk godkjenning i kommunestyret. Behov for revisjon vert vurdert i kommunal planstrategi kvart 4. år. Temaplanar vert normalt sett rullert i løpet av planperioden.